



## Notat

Dato: 28.01.2016  
Arkivsak: 2014/13280-10  
Saksbehandlar: birhau

---

**Til:** Dei vidaregåande skulane

---

**Frå:** Birthe Andersen Haugen

---

### **Omorganisering av reinhaldstenestene - informasjon til skulane**

Fylkestinget vedtok 03.12.15 ny organisering av reinhaldstenene i Hordaland fylkeskommune. Reinhaldstenestene i Hordaland fylkeskommune vert frå 01.03.2016 organisert under eigedomsavdelinga, driftsseksjonen. Omorganiseringa vil bli gjennomført stegvis. Det første området som vil ta del i omorganiseringa er sentrumsskulane og fylkesadministrasjonen. Heile omorganiseringa skal vere gjennomført innan 01.01.2017. Den nye organiseringa av reinhaldstenestene i HFK skal evaluerast innan 01.01.2018.

Vedlagt følgjer informasjonsskriv frå eigedomsavdelinga om korleis arbeidet med omorganiseringa vert organisert og gjennomført.

I tida fram til ny organisering er på plass ved alle skulane er det viktig at eigedomsavdelinga vert involvert i samband med endringar som berører reinhaldspersonalet ved skulen t.d nytilsettinger, endring i reinhaldsareal m.m.

**Vedlegg:** Reinhaldstenestene til Eigedomsavdelinga – informasjon